

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2017/1252-16

**Saksbehandlar**

Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/87	Forvaltningskomiteen	05.09.2018

## Høyring og offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan for delar av gnr. 135, 136, 137, 138 og 139 - Gang-/sykkelveg Fv. 48 Herøysundet

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomité vedtek at forslag til detaljreguleringsplan for delar av gnr. 135, 136, 137, 138 og 139 – Detaljreguleringsplan for gang-/sykkelveg FV 48 - Herøysundet, sist revidert 24.08.2018, vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn med minst seks veker frist for uttale jf. plan- og bygningslova § 12–10. Utlegging vert kunngjort i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium. Råka partar og instansar skal varslast.

### Behandling i Forvaltningskomiteen den 05.09.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 05.09.2018

*Kvinnherad forvaltningskomité vedtek at forslag til detaljreguleringsplan for delar av gnr. 135, 136, 137, 138 og 139 – Detaljreguleringsplan for gang-/sykkelveg FV 48 - Herøysundet, sist revidert 24.08.2018, vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn med minst seks veker frist for uttale jf. plan- og bygningslova § 12–10. Utlegging vert kunngjort i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium. Råka partar og instansar skal varslast.*

### Saksutgreiing:

**Planident:** 20170002  
**Forslagsstillar:** Kvinnherad kommune  
**Fagkyndig:** Multiconsult AS

### Historikk:

06.04.2017: Vedtak om start av planarbeid (formannskapet)  
03.05.2017: Oppstartmøte mellom forslagsstillar og fagkyndig plankonsulent  
13.06.2017: Gjennomført barnetrakkregistrering  
14. - 20.06.2017: Varselbrev og kunngjering av planarbeid

15.08.2017:	Frist for innspel til planarbeidet
31.10.2017:	Ope informasjonsmøte om planarbeidet
10.07.2018:	Varsel om utviding av planområdet
29.08.2018:	Behandling i fråviksnemda til Statens vegvesen

### **Bakgrunn og formål**

Formål med planarbeidet er å legge til rette for etablering av ny gang- og sykkelveg langs Fv. 48 i Herøysundet. Planen legg også til rette for noko utbetring av fylkesvegen, sanering av fleire eksisterande avkøyrslar og etablering av nye tilkomstveger og kollektivhaldeplassar. Målet er å betre trafikktryggleiken for gåande og syklande i området. Den aktuelle strekninga er i dag ulukkesbelasta og den er nytta som skuleveg. Etablering av ny gang- og sykkelveg her er eit trafikksikringstiltak med høg prioritering.

Dette trafikksikringsprosjektet er del av Kvinnheradpakken; ei komande fylkesvegsatsing i regi av Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen etablerer no ein prosjektorganisasjon for Kvinnheradpakken og bompengesøknad vert utarbeidd.

### **Avgrensingar**

Planområdet omfattar ei omlag 2,2 km lang strekning som følgjer Fv. 48 frå krysset mot Bringedalsvegen i nord til busstopp sør for Hellvik.

Plangrensa ved varsel om oppstart omfatta areal på begge sider av fylkesvegen for å ha fleksibilitet i planarbeidet med omsyn til val av side for gang- og sykkelvegen, kryssingspunkt og utbetring av/nye busslommer. Denne grensa vart varsla utvida i løpet av planprosessen (10.07.2018) for å få med naudsynt areal til rigg og anlegg og for omlegging av tilkomstveger til eigedomar langs fylkesvegen. I tidleg fase av planarbeidet vart vestsida av fylkesvegen valt for plassering av gang- og sykkelvegen. Den endeleg fastsette plangrensa har eit totalareal på 200,7 daa.

### **Om planforslaget**

Planen regulerer i hovudsak til samferdselformål. Andre formål er teke med der det har vore naudsynt for anleggsgjennomføring og for heilskap i planen. For nokre bustad-, nærings- og landbrukseigedomar har det vore naudsynt å inkludere arealet for å unngå «hol» i planen. Det vert ikkje lagt opp til auka utbygging. Planforslaget regulerer nytt kryss Fv 48/Bringedalsvegen i nord Fv 48/Haugen i sør. I tillegg vert det lagt opp til stenging av mange noverande avkøyrslar for å heller å samle dei gjennom felles tilkomstvegar.

Ny gang- og sykkelveg vert regulert på vestsida av fylkesvegen; dette valet vart gjort etter separat sidevalsvurdering. Etablering av veganlegget vil krevje ein del areal til fylling. Etableringa vil også krevje at to bekke-/elvelaup må leggest om. Det er gjeve føresegner til dei aktuelle områda som sikrar ei god utforming av desse.

Det er lagt til grunn at strekninga kan byggast ut i 2 hovudetappar, med moglegheit for oppdeling i fleire deletappar. Det er tilrådd at etappeutbygginga startar i nord der det er tettast busetnad og flest potensielle brukarar. Avkøyrse og samleveggar på austsida vil truleg ikkje verte bygd ut med det første sidan mest mogleg av midlane bør brukast på sjølve gang-/sykkelvegen.

Reguleringsplanen skildrar historikk, dagens situasjon og føremåla i planframlegget og vurderer dei miljø- og samfunnsmessige verknadane av planframlegget. Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om separat konsekvensutgreiing, men verknadane av planframlegget er grundig skildra og vurdert i dokumenta som følgjer planen. Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse der forslaga i planframlegget er vurdert til å ha akseptabel risiko.

Planarbeidet har vore leia av ei prosjektgruppe med representantar frå kommunen, Statens vegvesen og Multiconsult. Medverknad frå publikum og særskild råka grupper har vore organisert gjennom varselbrev og kunngjering av planarbeid, kontakt og møte med Herøysund bygdalag, ope


informasjonsmøte på kveldstid, barnetrakkregistrering i elevgruppa ved Bringedalsbygda skule og separate møte, synfaringar og samtalar med ei rekkje grunneigarar.

For å få gjennomført veganlegget slik som planlagt er det naudsynt med seks fråvik frå vegnormalar. Fire av desse er allereie godkjent av Statens vegvesen og kommunal vegmyndigheit, men det står att godkjenning av to (kryssutforming FV 48/Haugen og stigingstilhøve for ei avkøyrsløse). Desse to fråvika skal til fornya vurdering i fråviksnemnda til Statens vegvesen den 29.08.2018 (datoen er etter skrivefrist for denne saka). Om fråvika ikkje vert godkjent er det risiko for motsegn til den aktuelle delen av planforslaget. Rådmannen legg opp til at dette i så fall skal handterast gjennom høyring og påfølgjande revidering av planforslaget.

## Illustrasjonar




Figur: Oversiktskart



Figur: Flyfoto med markering av den aktuelle strekkja





*Figur: Plankartforslaget*

**Økonomisk konsekvens:**

Plankostnader, byggekostnader, erstatningar, grunnnerv, m.v. skal dekkast gjennom finansieringsplanen for Kvinnheradpakken og får sine økonomiske vurderingar der.

**Miljømessig konsekvens:**

I plandokumentet er det gjort greie for eksisterande påverknad på naturmangfald og friluftsliv, samt konsekvensane av planframlegget. Ei samla vurdering tilseier at dei negative konsekvensane for naturmangfaldet er godt innanfor det akseptable. I planomtalen er det gjort vurderingar etter naturmangfaldlova § 8 – 12 med tilfredsstillande resultat.

**Vedlegg:**

- Planomtalen inkl. risiko- og sårbarheitsanalyse
- Plankart
- Føresegner

Øvrige plandokument kan lastast ned frå arkivsak 2017/1252 dok.nr. 15.